
Saksnr: 2020/48382-8
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Vestland fylkeskommune 2021

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Vestland fylkeskommune i 2021, til etterretning.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling om Deloitte er uavhengig i høve Vestland fylkeskommune i 2021. Vedlagte uavhengighetserklæring mv. ligg til grunn for saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Vestland fylkeskommune - Uavhengighetserklæring 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samsvar med Forskrift om kontrollutvalg og revisjon skal ansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar løpande vurdere sin uavhengighet. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame revisor si årlege eigenvurdering av uavhengighet, jf. Kommuneleva § 23-2 og jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16 og 19.

Vurderingar og verknader

I kommuneleva § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet står det m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal påse at

a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»

I Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 Krav til revisors uavhengighet står det dette:

«Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.»

Vidare står det i § 19 Krav til eigenvurdering av uavhengighet i same forskrift dette:

«Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune, skal løpende vurdere sin uavhengighet.

Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

En skriftlig eigenvurdering om revisjonens uavhengighet skal følge alle tilbud om revisjon.»

Ansvarleg revisor hjå Deloitte, Bjarne Ryland, har no sendt over ei slik eigenvurdering dagsett 26.04.2021. Denne ligg ved saka.

Som det går fram av kommuneleva har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si eigenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Deloitte har også vorte utfordra på å legge fram opplysningar om eventuelle oppdrag ut over oppdrag frå kontrollutvalet. Sekretariatet har fått stadfesta frå Deloitte at slike opplysningar vil verta lagt fram i møtet.

Dei spesifikke lovheimlar om uavhengighet, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16 og 19 og § 24-4 i kommuneleva er medtekne i eigenerklæringa.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Deloitte sin ansvarlege revisor sin uavhengighet i høve Vestland fylkeskommune. På bakgrunn av dei opplysningane om oppdrag, ut over oppdrag frå kontrollutvalet, som Deloitte vil legge fram i møtet, må kontrollutvalet gjera ei vurdering av om det eventuelt kan svekke deira uavhengighet.

Konklusjon

Ut frå innhaldet i eigenerklæringa, vert det tilrådd å ta denne til etterretning.